

PÅMELDING

Gå inn på www.fusasokn.no. Trykk på Trusopplæring, og deretter på Konfirmantpåmelding. Fyll inn informasjon, og send bilete av konfirmanten til oss på epost fusasokn@fusa.kommune.no! Frist for påmelding er **22. juni**. Konfirmantar og føresette møter opp på eit informasjonsmøte onsdag 29.08 i Eikelandssosen bedehus, 19:00. De vil òg få utdelt ein detaljert plan for hausten under dette møtet; vårplanen kjem i posten seinare.

Merk: Dersom konfirmanten treng særleg tilsyn, eller har allergiar og liknande, er det viktig at me får vita om det. Før det opp på registreringsskjemaet, eller kontakt ein av oss direkte.

DEN STORE DAGEN

I 2019 har me desse konfirmasjonsgudstenestene i Fusa sokn:

- Laurdag 4. mai: **Strandvik** (11:00)
- Sundag 5. mai: **Hålandsdalen** (11:00)
- Laurdag 11. mai: **Fusa** (11:00 & 13:00)
- Sundag 12. mai: **Sundvor** (11:00)

KONTAKT OSS

Er det noko du lurer på? Ta gjerne kontakt med Fusa kyrkjekontor på telefon **56 58 01 81** eller epost fusasokn@fusa.kommune.no. Stikk gjerne òg innom på 2. høgda på Fjord'n senter, eller finn oss på Facebook (Fusa sokn)!



Sokneprest
Einar Ekerhovd
913 82 964
eekerho
@online.no



Kyrkjelydspedagog
Norunn Rød Markhus
916 37 713
norunn.r.markhus
@fusa.kommune.no




Konsulent
Hans Einar Markhus
959 36 580
hans.einar.markhus
@fusa.kommune.no



Trusopplærer
Endre Tveit
902 44 152
endre.tveit
@fusa.kommune.no

KONFIRMANTAN

20 ✦ 19



STØRST AV ALT

- i Fusa sokn

VELKOMEN SOM KONFIRMANT!

No som du snart skal starta i 9. klasse, vil me gjerne ynskja deg velkomen til konfirmasjon i Fusa kyrkjelyd. Me vil invitara deg om du trur på Gud, om du tvilar, eller om du berre er nysgjerrig. Alle er velkomne!

Konfirmantopplegget er tredelt. **Alle delane er obligatoriske**, men du får fleire val på del 2 og 3. Basisopplegget kostar **800,-**.

DEL 1: BASIS

Alle konfirmantar skal delta på to **undervisingskveldar** kvar månad: Ein onsdag felles på Eikelandssosen bedehus, og ein tysdag eller onsdag i konfirmasjonskyrkja di. Du skal òg delta på **fire** sjølvvalde gudstenester, samt desse opplegga:

- ⇒ **Kickoff-leir på Raknestunet** – 7. til 9. september 2018.
- ⇒ **Presentasjonsgudsteneste i kyrkja du skal konfirmerast i:**
 - Sundvor 02.09 klokka 16:30 // Fusa 23.09 klokka 11:00 // Strandvik 30.09 klokka 11:00 // Hålandsdalen 07.10 klokka 11:00
- ⇒ **Innsamlingsaksjonar** – kalenderaksjonen på hausten, og fasteaksjonen på våren.
- ⇒ **Gudstenesteplanleggjing** – Gjennom konfirmantåret skal du vera med på å planleggja og gjennomføra minst ei ungdomsgudsteneste. Me møtest på Eikelandssosen bedehus 18:15 på ein søndag, har gudsteneste 19:00 og et kvelds saman etterpå. De vert plasserte på gudstenesta av oss; meld i frå om det er dagar som passar særst dårleg for dykk.
 - Hautsemesteret: 30.09 / 28.10 / 25.11
 - Vårsemesteret: Datoar kjem seinare

DEL 2: INTERESSEGRUPPER

Interessegrupper er aktivitetsgrupper som du melder deg på. **Før opp fyrste-, andre- og tredjeval.** Gruppene på denne sida samlast ei helg med aktivitetar og arbeidar med eit prosjekt; gruppene på neste side treffest kontinuerleg 2-3 gongar i semesteret med kortare samlingar.

KRIK - NATTCUP

KRIK-gruppa reiser til Husnes og er med på nattcupen i innebandy, laurdag 27. og søndag 28. oktober. Det vert òg ei førsamling på fredag 26. med KRIK-leiarar.

MARITIM

Maritim overnattar på Vinnesholmen xx. månad-xx. månad, og tar båtførarprøven.

MUSIKAL

Musikalgruppa samlast på Eikelandssosen bedehus laurdag 30 og søndag 31. mars, 2019, og skal øva inn og framføra musikal med Team Sulebakk og Fusa Soul Children. **Det er fire ulike grupper (merk kva du vil):** Korsong, dans, teknikk, og kulisser/kunst.

LAGSARBEID

Lagsarbeid er at du melder deg til teneste i ei barnegruppe, t.d. Songbuketten eller Gutteklubben Noah. Du må ha kjennskap til gruppa frå før (skriv opp på påmeldinga).

MUSIKKGRUPPE

Musikkgruppa speler og syng til somme ungdomsgudstenester og evt. andre arrangement.

Merk: Om du vil spela instrument i gruppa, må du kunna instrumentet frå før.

STRIKK FOR LIVET

Strikk for livet strikkar ullhuer til nyfødde born på Zanzibar i Afrika.

Info om oppmøtestad og –tidspunkt kjem på informasjonsmøtet. Med atterhald om endringar.

DEL 3: OPPLEVINGSPAKKAR

Du har òg valet mellom fire opplevingspakkar. Same kva pakke du vel, får du vera med på noko heilt spesielt i løpet av konfirmanttida! **Meld deg opp med fyrste- og andreval. Det er avgrensa plassar på alle gruppene.**

Sjekk vedlagt ark for meir informasjon om kvar pakke!

EXPLORE – SOLSTRÅLEØYA, TYSNES | 22.-23. SEPTEMBER 2018

Er du med ut på fjorden i båt? Me låner ei skøyte og reiser ut mot Solstråleøya, overnattar, og legg til land ved ei kyrkje for å ha gudsteneste på sundagen.

Merk: Denne pakken kostar 300,- ekstra.

GET FOCUSED – FIX ARENA, TØNSBERG | 9.-11. NOVEMBER 2018

Get Focused er ein tverrkyrkjeleg ungdomsfestival med stor konfirmantdeltaking. Her får du vera med på alt frå konsert med Lisa Børud til volleyballturnering.

Merk: Denne pakken kostar 2.000,- ekstra.

IMPULS – IMI-KIRKEN, STAVANGER | 25.-27. JANUAR 2019

Impuls er ei årleg samling arrangert av IMI-kirken, ein av dei største kyrkjelydane i Noreg. Her blir det spanande talar, gode seminar og mykje musikk.

Merk: Denne pakken kostar 1.500,- ekstra.

2BE – SÆTERVIKA, SAMNANGER | 15.-17. MARS 2019

Vil du vera med på ekstra konfirmasjonsleir? Sætervika arrangerer allidrettsleir der du får treffa konfirmantar frå resten av Bergensområdet, i Samnanger.

Merk: Denne pakken kostar 1.200,- ekstra.

MEIR OM OPPLEVINGSPAKKANE



EXPLORE || BJØRNEFJORDEN / SOLSTRÅLEØYA, TYSNES [22.09.-23.09. 2018]

Har du lyst på ein flott båttur? **Explore** er ei reise inn i vår eigen kystkultur, og inn i Bibelen. Me dreg ut på båt, har undervising og moro på sjøen, overnattar ved land og reiser til gudsteneste i Fusa dagen etter. Dette opplegget er kjempeflott for alle som ynskjer å læra om havet, og om båten sin plass i den kristne forteljinga.

Explore kostar 300,- i tillegg til grunnprisen for konfirmantåret. Overnatting skjer anten på skøyta eller i naust på land. Mat er inkludert. Heile opplegget vert drive av folk frå Fusa.



GET FOCUSED || FIX ARENA, TØNSBERG [09.11.-11.11. 2018]

Get Focused er ein ungdomsfestival i hjartet av Tønsberg, med internasjonale talarar og konsertar ved artistar som Lisa Børud og Jesus Loves Electro. På programmet står òg volleyballturnering. Me reiser med eigen buss. Dette opplegget er flott som deg som har lyst til å reisa litt, og er glad i både Gud, musikk og idrett.

Get Focused kostar 2.000,- i tillegg til grunnprisen for konfirmantåret. Overnatting skjer på skular og forsamlingsbygg i nærområdet. Mat er inkludert i prisen. Leiarar frå Fusa vert med gjennom heile opplegget.



IMPULS || IMI-KIRKEN, STAVANGER [25.01.-27.01. 2019]

På **Impuls** får du vera med på ei helg full av læring og moro. Dette er ein av dei største ungdomskonferansane i Noreg, som dreg både konfirmantar og eldre ungdomar frå heile landet. Me reiser med eigen buss. Dette opplegget er flott for deg som ynskjer å bli meir kjend med Jesus, og oppleva stappfulle dagar i Stavanger.

Impuls kostar 1.500,- i tillegg til grunnprisen for konfirmantåret. Overnatting skjer på skular og forsamlingsbygg i nærområdet. Mat er ikkje med i prisen. Leiarar frå Fusa vert med gjennom heile opplegget.



2Be || SÆTERVIKA UNGDOMSSENTER, SAMNANGER [15.03.-17.03. 2019]

Sætervika ungdomssenter er ein leirstad styrt av Norsk Luthersk Misjonssamband, og har drive leirar i mange år. **2Be** er deira leirkonsept for ungdom, og dei inviterer oss til å vera med på ei helg med padling, friluftsliv, idrett og leik. Dette opplegget er flott for deg som vil oppleva ei aktiv helg der du kjem nærare på Gud.

2Be kostar 1.200,- i tillegg til grunnprisen for konfirmantåret. Overnatting skjer på internat, og all mat er dekkja. Det er venta at føresette sjølve køyrer konfirmantane til staden, ettersom Sætervika ligg berre tjuve kilometer frå Eikelandsosen. Leiarar frå Fusa vert med gjennom heile opplegget.